



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1128 - 22/18086

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
02.03.2022

## **Detaljregulering for Framo Flatøy AS - førespurnad om vurdering av kulturminne**

Viser til synfaring gjennomført 22.02.22 på industriområdet til Framo AS på Flatøy, og ber med dette om ei vurdering av flyhangaren.

### Kort om prosess

Oppstartmøte for planarbeidet vart gjennomført 05.10.2018. Offentleg ettersyn og høyring av planforslaget vart gjort i perioden 20.06.20-11.09.20. I samband med høyringa møtte forslaget motsegn frå Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Motsegna gjekk i hovudsak ut på strid med vegvesenet sitt pågåande framlegget til KDP for E39 Flatøy – Eikefettunnelen, samt motsegn knytt til den lokale vegløyninga mot Framo.

Dialogmøte med Svv, Vlfk og Statsforvaltaren vart halde 13.11.2020. Det har i etterkant av dette vore fleire møter mellom kommunen og Statens vegvesen, samt også møte med vegavdelinga til Vestland fylkeskommune.

I arbeidet med å sjå på løysingar for imøtekomme motsegna, ser Framo saman med Multiconsult på løysingar for å flytte det planlagde administrasjonsbygget inn på industriområdet. Dei har difor behov for avklaring av verdien til flyhangaren som kulturminne, slik at handlingsrommet i høve plassering av administrasjons- og industribygg er kartlagt før dei endrar på bygningsstrukturen i reguleringsplankartet.

Vi ber om at saka vert handsama så snart som råd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Notat til fylksekommunen vedrørende forslag til endringer

Motsegn\_Vestland\_fylkeskommune

1\_1\_Uttale kultur

3\_Plankart

2\_Føresegner

1\_Planomtale

4\_KU Landskap,kultur og friluftsliv

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Alver ( Meland ) - Framo Flatøy industriområde - detaljregulering

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN